

Universitetet i Oslo

Retningslinjer for forskingskomiteen ved ILN

Forsningskomiteen er eit rådgivande organ for instituttleiinga i saker som gjeld forskings spørsmål. Forsningsleiar leier komiteen. Dei øvrige medlemmane skal spegle breidda i fagområda ved instituttet.

Sentrale oppgåver for komiteen er:

- å fordele forskingsmidlar innanfor ramma av instituttets forskingsbudsjett, og andre midlar som f.eks. Småforsk
- vurdere og innstille søknader om forskningstermin

Forsningsleiar kan fortløpande behandle mindre (anslagsvis inntil 30 000,-) søknader frå enkeltforskarar og masterstudentar som klart fyller kriteria under. Komiteens sekretær informerer forskingskomité og instituttleiar jamleg om slike tildelingar.

Retningslinjer for behandling av søknader om støtte

Kven kan søkje?

- Fast vitenskapelig tilsette og midlertidig tilsette forskarar ved instituttet
- [Forskargrupper](#)
- Masterstudentar*

Masterstudentar kan få støtte til tiltak som er relaterte til masteroppgåva, t.d. reise til forskingskonferanse (med eller utan bidrag), feltarbeid, eller andre utgifter til datainnsamling. Rettleiar må godkjenne søknaden. Støtte blir normalt gitt berre ein gong i løpet av masterstudiet, og berre inntil det maksimale støttebeløpet, som blir fastsett av forskingskomiteen for kvart budsjettår.

Forskarar utan tilsetjingsforhold (til dømes pensjonistar, gjesteforskarar med annan institusjonstilknytning, o.l.) har ikkje anledning til å søkje om egne driftsmidlar. I ein skilde tilfelle kan søkjarar med affinitet til ILN søkje om støtte til publisering etter kriteria i særskilde føringar, punkt d.

Kva kan det søkjast om støtte til?

Enkeltforskarar og forskargrupper kan søkje om støtte til:

- konferansereiser
- å arrangere vitenskapelige konferansar
- gjesteførelsarar
- publikasjonsstøtte (inkluderer språkvask)
- anna forskingsrelatert støtte (f.eks. feltarbeid, forskingsassistanse, utstyr, driftsmidlar ved forskningstermin)

Kva skal til for å få støtte?

Driftstøtte blir tildelt etter følgjande kriterium:

- søknad og budsjett er oversiktlege og leverte til gjeldande fristar

- konkrete planar om publisering i teljande kanalar
- konkrete planar om konferansepresentasjonar
- internasjonalisering/samarbeidstiltak/gjesteforskarar
- fornying av fagfeltet/rekrutteringstiltak
- konkrete seminarplanar

Støtte vil vere avhengig av budsjetttrammene til forskingskomiteen. Tildelt støtte må nyttast i det same rekneskapsåret som støtta vart tildelt, og kan ikkje overførast til anna budsjettår utan særskilt søknad.

Særskilde føringar

(a) Støtte til konferansereiser

- Søkjaren må normalt delta på konferansen med innlegg eller anna bidrag (t.d.. poster). Informasjon om konferansen og stadfesting på akseptert bidrag må liggje ved søknaden. Søknaden skal også gjere greie for publikasjonsplanar for forskinga som vert presentert på konferansen
- Støtte vil normalt berre kunne bli gitt til ei reise pr. år. Viss det er fleire deltakarar med same bidrag, vil det normalt berre bli gitt støtte til reise for ein person
- Stipendiatar må normalt nytte eigne driftsmidlar til konferansereiser. Stipendiatar som ikkje har driftsmidlar, eller som har brukt dei til andre prosjekterrelaterte føremål, kan søkje. Rettleiar må godkjenne søknaden

(b) Støtte til å arrangere vitenskaplege konferansar

- Konferansen må vere klart innanfor eit av fagområda ved instituttet
- Totalbudsjett for konferansen med opplysningar om andre bidragsytarar må leggjast ved søknaden

(c) Støtte til gjesteførelesarar

- Søknader om gjesteførelesarar må grunngjevast ut frå den vitenskaplege aktiviteten i fagmiljøet
- Dersom gjesteførelesar er tenkt som del av eit ordinært undervisningsløp, må søkjar først avklare om det finst andre finansieringskjelder under undervisningstiltak

(d) Støtte til publisering

- berre teljande publikasjonar vil kunne få støtte
- støttesummen må vere balansert sett opp mot
 - det instituttet får att i utteljing frå publikasjonspoenga
 - andel forfattarar med adresse ILN
 - andel finansiering frå andre kjelder/institusjonar
- støtte til språkvask kan bli gitt når publikasjonen er på eit anna språk enn morsmålet til søkjaren
- støtte til forfattarbetaling (ACP) i open tilgang-publikasjonar vil berre bli gitt til publikasjonar med «Gull-standard» og om tidsskriftet
 - er registrert i Directory of Open Access Journals
 - er godkjend på nivå 1 eller 2 i DBHs register over publiseringsskanalar
 - ikkje allereie er abonnementsfinansiert («hybridtidsskrift»)

Forskingstermin

Forskingskomiteen skal gjennomgå søknadene om forkingstermin, og lage innstilling til instituttleiar om disse. Søknadene skal vurderast i lys av UiO og HFs retningslinjer for tildeling av forkingstermin.

Vedtatt i Styret ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, 10.12.2018.

Publisert 17. okt. 2014 09:53 - Sist endret 4. jan. 2019 16:48